

Haugland gard:

På Haugland gard bur Kathrine og Rune Haugland. Dei har 2 søner, Jens og Olav. Jens er odelsgut og skal overta garden. Han er sambuar og har ei dotter. Dei skal flytta til Haugland så snart huset er renovert. Olav er og sambuar, bur på Nærbø og er rørleggjar.

Garden er på ca. 700 mål og har ein mjølkekvote på ca. 590 000 liter i året. Garden har kornproduksjon, mjølk og storfe. I tillegg satsast det også på Wagyu-kjøtt. Eit hønsehus for eggproduksjon er under oppføring.

Haugland gardsbarnehage har vore på Haugland gard sidan 2000. Barnehagen bygde eige lokale i 2008. Barnehagen har 44 barn og 15 tilsette.

